




## Ein flott og interessant tur langs ein sogesti rik på fornminner.



An interesting walk along a well-planned heritage trail.



Vinnes.



Vinnes.

### Rute og ymse av interesse

**Terreng:** Kulturløype langs bygdeveg, traktorveg og sti. Flatt og småkupert.

**Tid:** 1 1/2 - 2 timar. Du kan velja om du vil ta heile denne rundturen, eller berre deler av den.

Vi tek av frå fylkesveg 122 til høgre skilta til *Vinnes kai*. herifrå er det 300 meter ned til sjøen og vi kan parkera på den kommunale kaien. Ved Vinnessundet (1) var den gamle handelsplassen i Vinnesbygda frå århundreskiftet til 1960-talet med krambu, bakeri, saltebu, post og dampskipsekspedisjon. Her startar den historiske vandringa i kulturlandskapet på Vinnes.

Vi går på gamlevegen bak husa og nausta langs sjøen mot sør. Denne fører opp att til fylkesvegen og Vinnestunet (2). Der butikken i dag ligg var det gamle fellestunet på Vinnesgarden.

Vegen går vidare mot sør på fylkesvegen, 20 meter før samfunnshuset tek løypa av til venstre opp ein bakke. Ta til høgre. Løypa passerer ei hytte før ein får ein ny bratt bakke og ei ny hytte. Herifrå er det traktorveg. Midt i brekka tek ein av til venstre inn på ein sti. Stien fører oss utpå eit utsiktspunkt over Bjørnafjorden, Storaheio (3), også ein fin rasteplass.

### Route and places of interest

**Terrain:** Culture walk along country roads, tractor roads and footpaths. Flat with hilly sections

**Time:** 1+ - 2 hours. You can choose between taking the walk in part or whole.

Leave the main road (122) on the right to Vinnes Quay. The sea is about 300 metres further down and you can park on the public wharf. The old shopping centre (1900 - 1960) was located at Vinnessundet (1) with a haberdashery, a bakery, curing house, post office and steamship terminal. This is where you start your historical walk through Vinnes' cultural landscape.

Take the old road behind the houses and the boat-house along the sea front towards the south. The road leads to the main road and Vinnestunet (2). The shop is built on the site of the old common farm yard.

Your route carries you south on the main road, 20 metres before you get to the village hall take a left turn up the hill. Turn right. You walk past a cabin, then up a steep hill and pass another cabin. From here on it's a tractor road. Halfway up the hill, turn left onto the footpath which leads



Følg stien attende til traktorvegen. Ta opp til venstre 10 meter og ta av på sti til høgre ned lia og fram til fjellknaus (4) ved Mattisbrekko. På knausen er det uthogne skålgroper truleg frå bronsealderen (år 1500 -500 f.Kr.). Gå 10 meter tilbake og følg stien til høgre opp brekka og langs brotet til traktorvegen og kistegrav (5) ved Vollena.

Følg traktorveg 40 meter og ta av på sti til venstre som fører oss opp på privat veg. Ta til høgre 40 meter og så til venstre og du kjem til ei ny grav (6). Stien går no rundt hytteeigedommen til Varmaholo (7). På berget er det helleristingar med båtfigurar frå bronsealderen. Vi går vidare til veggen til Dalland. Her kan vi ta ein avstikkar 200 meter inn på veggen mot Dalland (8) der det er ein post med m.a. informasjon om den interessante geologien i området.

Følg Dallandsvegen ned mot fylkesvegen. Vel 250 meter ned i bakken låg truleg garden Stengsland (9), som kan vera ein øydegard frå Svartedauden. Nede ved fylkesvegen kan vi ta ei ekstra sløyfe eller ta til høgre. Tek vi ekstraturen mot venstre, er det på høgre hand etter 60 meter ein veg ut på Selsneset (10). Her var det teglverk i åra 1878-1923. Ute på den restaurerte utskipingskaien får vi eit flott utsyn over naturreservatet på Leiro, der det er eit rikt fugleliv.

Vel tilbake på fylkesvegen kan ein etter få meter mot høgre kryssa veggen og ta turen opp i Revhaugen (11) der det er ein gravhaug med synleg helledekt kiste.

På veggen tilbake til Vinnes kjem vi til bedehuset og skulen på høgre hand. Ta til venstre og følg skiltet mot Vinnesholmen. 100 meter inn på sidevegen er det eit kvitt hus i sveitserstil på venstre hand (12). Mellom huset og veggen står det ein bautastein. Denne er restaurert og eit minne om eit stort felt med bautasteinar og graver på Skagen.

Turen går no ut til Vinnesholmen (13). Her er det ein gammal husmannsplass. Gardstunet ligg flott til. I dag er det friluftsområde. Det går ein sti rundt holmen. På høgdedraget vest på holmen er det ein fin rasteplass ved «dronningsbenken». Heilt på nordpynten er det ei gravrøys, Munkarøyso (14).

Etter rundturen på Vinnesholmen kan ein returnera til Vinnes kai.

you to Storaheio (3) and a fantastic view of the Bjørnafjord. Take a short break here.

Return to the tractor road, turn left then right 10 metres further up. You will arrive at an outcrop (4) at Mattisbrekko. The dish like impressions in the rocks are probably bronze age (1500-500 BC). Go back 10 metres and follow the path further up the incline and along the cliff back to the tractor road and the burial place (5) at Vollena.

Carry on along the tractor road about 40 metres and take the footpath on the left which leads to a private road. Turn right, walk 40 metres, turn left and you will see another burial place (6). The path continues past the cabins to Varmaholo (7). You will discover bronze age rock carvings in the rock face. Carry on to Dalland (8) where you will find an information board about the area's interesting geology.

Take Dallandsvegen (Dalland Road) towards the main road. A good 250 metres down is the site of the old Stengsland Farm (9), abandoned after the Great Plague. Down at the main road you can choose between a short diversion or turn right. If you take a left turn you will find the road to Selsneset (10) about 60 metres on the right. There was a brick making factory here from 1878 to 1923. From the restored wharf you have a magnificent view of the nature reserve at Leiro with its rich bird life.

Back on the main road and a few metres to the right, cross the road and walk up Revhaugen (11) (Fox Hill) where you can see a burial mound with a slate covered coffin.

On the way back to Vinnes you pass the chapel and school on the right. Turn left and follow the signpost to Vinnesholmen. About 100 metres down the road there is a white «Swiss Style» house on the left (12). Between the house and the road is a restored stone monument, a memorial of a large site of stone monuments and ancient graves at Skagen.

Walk on to Vinnesholmen (13). Here you will find an old cotters farm. The farm is now a recreation area. Take the path round the point and take a break at the resting place near «dronningsbenken» - the Queens Bench - at the highest point. There is an old burial site at the north end of the point, Munkarøyso (14).

Having explored Vinnesholmen, return to Vinnes Quay.

#### **Hugs:**

*Grunneigarane har opna opp for turvegen, og alle som følgjer veg og sti må forvalta denne invitasjonen på best mogeleg måte. Hugs og lat att grindar, ver var om dyr i marka, og far fint med naturen. Ver merksam på lokale reglar for bandtvang for hundar. Sjølv om fotturane er lagt godt tilrette og merka, kan det alltid vera noko som endrar seg, eller synest å mangla. Dei som har lagt turane tilrette, tar ikkje ansvar for skader eller anna som måtte skje under turen. Turen blir gjennomført på eige ansvar og risiko.*

#### **Remember:**

*The landowners have opened their land to visitors, and no-one using the roads or paths should abuse this invitation. Remember to close gates behind you, don't disturb or feed animals, and take care with nature. Dogs must be on a lead. Although the walks are well marked and prepared, things may change, or appear to be missing. Those responsible for laying out the walks do not accept any responsibility whatsoever for any injury or damage caused during any participation in any or all walks.*

Lagt tilrette og utgitt av Hordaland fylkeskommune i samarbeid med Fylkesmannen i Hordaland, Landbruksavdelinga og Hordaland og Bergen Reiselivsråd.